


AVTALE OM SAMANSLAING AV
FIRDA-, SOGN- OG SUNNFJORD UNGDOMSLAG.

Vilkår for samanslåinga:

1. Styringsstrukturen i det nye fylkeslaget skal vera slik:



Arbeidsutval m/leiari og 2 styremedlemar.

Styret på i alt 7 personar

Særgreinsnemnd etter behov, leiar er styremedlem.

Årsmøtet vel leiar og 6 styremedlemar. Leiar skal og vera med i arbeidsutvalet.

Arbeidsutvalet skal vera på 3 personar. Styret konstituerar seg sjølv ved å oppnemne styremedlemar som ansvarlege for dei ulike særgreinsarbeid og som medlemar i arbeidsutvalet.

I den grad det er naudsynt, kan styret eller årsmøtet supplere særgreiner med 2 personar utanfor styret. Dei to saman med den styreansvarlege utgjer nemnd for den særgreina. Av styremedlemane på 7 personar skal det vera minst 2 personar frå høvesvis Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Årsmøtet vel 5 vararepresentantar til styret i rekkefylgje.

2 Valnemnda

Nemnda skal vera på i alt 6 personar. Desse skal vere 2 frå kvar region. Det skal vera 3 varamedlemar, ein frå kvar region...
Årsmøtet vel valnemnd.

3 Bunadarbeid

Ein styremedlem vert oppnemd til bunadkontakt i fylket. Det vert så styreoppnemde prosjektgrupper som skal arbeide vidare med Sunnfjordbunaden, Nordfjordbunaden og eventuelt Sognebunaden. Tal personar etter behov.

4 Prosjektgrupper

Til å løysa større arbeidsoppgåver som stemne, treff, aksjonar i lokallag/fylket er det forutsett at det vert gjort større bruk av prosjektgrupper. Desse kan veljast av styret eller årsmøtet.

5 Jol i Sogn, Jul i Nordfjord.
Drifta av julehefta skal gå som før. Dei fører eigne rekneskap som vert lagt fram for årsmøtet.

Reservekapital/driftskapital som julehefta har bygt opp gjennom mange års drift, skal stå som kapital som sikrar drifta av julehefta.

Ved eventuell nedlegging av Jol i Sogn evt. Jul i Nordfjord, skal 50% av eiga etter at all gjeld er betalt, delast likt på ungdomslaga i "gamle" Sogn u.l. evt. Firda u.l. som framleis er medlem i NU. Resten skal gå til det nye fylkeslaget.

6 Sognatun
Sognatun vert framleis eiga forretningsdrift med eige rekneskap.

Det nye fylkeslaget overtek rettar og plikter i ANS Sogndal Servicebygg som Sogn u.l. har i dag.

"Driftsoverskot" inntil kr. 100.000,- kan disponerast fritt av det nye fylkeslaget. Ved evt. overskot over kr 100.000,- skal 75% avsetjast til attkjøp av bygget.

Ved evt. oppløysing av "Sogn og Fjordane ungdomslag" skal alle aktiva og passiva i Sognatun gå attende til Sogn u.l.

Ved evt. sal av eigedomen, skal 50% av eiga etter at all gjeld er betalt, delast på dei ungdomslaga i "gamle" Sogn u.l. som framleis er medlemar i NU. Resten skal gå til det nye fylkeslaget

2/3 av kapitalen som skal delast på laga i "gamle" Sogn u.l., skal delast likt på laga. Resten; 1/3, skal delast på laga ut frå tal medlemar i kvart lag.

Dersom vi ikkje kjøper att "Sognatun" i følgje avtalen, men at ANS Sogndal Servicebygg sel det til andre, skal eiga i Sognatun delast som ved sal.

Etter at bygget evt. er attkjøpt, kan driftsoverskotet disponerast fritt av det nye fylkeslaget.

Avtalepunktet om Sognatun må ikkje endrast av årsmøtet i "Sogn og Fjordane ungdomslag" utan at eit fleirtal av årsmøteutsendingar frå "gamle" Sogn u.l. godkjenner det.

7 Arbok for Nordfjord
Det nye fylkeslaget overtek dei rettar og plikter overfor årboka, som i dag ligg til Firda u.l. Utgjevinga av årboka skjer i fellesskap med Nordfjord Folkemuseum, Nordfjord Sogelag og Firda ungdomslag. Det nye fylkeslaget skal velje ein medlem i redaksjonen med personleg varamedlem.

- 8 Aslaug Høverstad fond
Bankkontoen "Aslaug Høverstad fond" kan ikkje disponerast fritt av det nye fylkeslaget. Rentene, eller ein del av desse, det einkelte år, kan gjevast som ein aktivitetspris til eit lokallag i fylket som har utmerka seg med god aktivitet. Rentene kan ikkje nyttast til noko anna, og sjølve fondskapitalen kan ikke nyttast.
- 9 Oppløysing av "Sogn og Fjordane ungdomslag"
Dersom lokallaga i ein region ynskjer å gå ut av "Sogn og Fjordane ungdomslag" og starta opp att det "gamle" fylkeslaget, kan dette gjerast dersom eit fleirtal på 2/3 av ungdomslaga innafor grensene til det "gamle" fylkeslaget ynskjer det. Sjå ajourført liste pr. 01.01.1990 over NU-lag i dei einskilde regionane. Lista ligg ved denne avtalen.
Dersom "Sogn og Fjordane ungdomslag" vert oppløyst skal eiga delast med 1/3 på kvart av dei "gamle" fylkeslaga med unntak av:
- Jul i Nordfjord og Arbok for Nordfjord som går til Firda u.l.
- Sognatun, Jol i Sogn og Aslaug Høverstad fond som går til Sogn u.l

Ikraftsetjing

Denne avtalen tek til å gjelda frå 01.01.1990. Det skal haldast formelt skipingsmøte innan 20. mars 1990. Det skal utarbeidast framlegg til lover for det nye fylkeslaget basert på prinsippa i denne avtalen. Avtalen kan endrast med 2/3 fleirtal av årsmøtet i det nye fylkeslaget dersom ikkje anna er nemnt i avtalen.

Overgangsordning.

Frå 01.01.1990 til skipingsmøtet fungerar dei "gamle" styra i dei tre fylkeslaga som før, men det vert ført sams rekneskap frå 01.01.1990. Eit intrimstyre med 3 medlemmar frå kvart av dei "gamle" fylkeslaga er ansvarleg for tilskiping av skipingsmøtet.

Denne avtalen er godkjent med 2/3 fleirtal av årsmøtet i:

Firda Ungdomslag, dato 3/3-90 ... *Færvin Rand*
- leiar -

Sunnfjord Ungdomsl., dato 3/3-90 ... *Harald Klæme*
- leiar -

Sogn Ungdomslag, dato 3/3-90 ... *Johannes Leinen*
- leiar -